

# Rekrutteringsundersøkinga 2023

Av Anders Løbø Navarsete og Silje Kathrine Høyland



© Anders Løbø Navarsete og Silje Kathrine Høyland

Avdeling for studieadministrasjon

Høgskulen på Vestlandet

2023

HVL-rapport frå Høgskulen på Vestlandet nr. 8-2023

**ISSN** 2535-8103

**ISBN** 978-82-8461-046-7



Utgjeingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.  
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

## Samandrag

Undersøkinga vart sendt ut til alle førsteårsstudentar tekne opp til haustsemesteret 2023 ved grunnutdanningar, integrert masterutdanningar, alternative vegar til ingeniørutdanningane (slik som forkurs, y-veg og liknande). Respondentane har svart på spørsmål knytt til korleis dei fekk kjennskap til HVL, kva faktorar som ligg bak valet, og korleis dei opplevde studiestarten.

Medan ein i undersøkinga i fjor såg relativt store endringar særleg på sosiale indikatorar etter slutten på pandemien, er det i år ei stabilisering av resultatata med mindre endringar. Sidan fjoråret hadde jamt over hadde gode resultat, er det verdt å ta med seg at lite endring isolert sett er positivt.

HVL rekrutterer 74% av studentane sine i førsteårskullet frå Vestland og Rogaland, dette er uendra frå i fjor. Mellom campus varierer talet frå 93% ved campus Stord til 58% campus Sogndal. Nasjonal rekruttering bør helst fortsette å auke, då vi veit at det fram til 2027 vert mindre årskull som fører til sterkare konkurranse om studentane. Som vi ser også i dag, gjer dette særleg mindre campus meir sårbare.

Campusane sine ulikskapar i form av studieportefølje, geografi/urbanitet, og omdøme påverkar studentmassen og følgjeleg søkjarane sine preferansar for å velje HVL. På trass av dette, er «Fagleg interesse» den viktigaste faktoren for å velje HVL ved alle campus, og den har styrka seg frå i fjor. Det understrekar viktigeita av eit treffsikkert studietilbod.

På spørsmål om korleis respondentane oppdaga studiet, er som tidlegare kjelda «personar eg kjenner» rangerst øvst. Tillitspersonar er framleis viktigast når respondentane rådfører seg i val av studium og «foreldre» er gruppa som flest meiner er viktig, etterfølgt av «venner» og «studentar eller tidlegare studentar ved HVL». Fornøgde studentar er det sterkaste verkemiddelet for rekrutteringa til HVL. At dei gode resultatata i dei sosiale indikatorane held fram i år er såleis viktig i dette biletet.

Vi ser ei relativt høg deltaking på arrangementa i studiestarten, og 8/10 som deltek på fadderveka seier dei vert svært godt eller godt kjende med medstudentar. Samstundes avdekkjer fritekstsvara at det er ein auke i talet på misfornøgte tilbakemeldingar. Her ser det ut til at det er stor variasjon mellom faddergruppene der enkelte nedprioriterer alkoholfrie arrangement. Det synest å vere potensiale for å betre legge til rette for dei som ikkje deltek på fadderveka eller ikkje er komfortable med gruppa si.

## REKRUTTERINGSUNDERSØKINGA 2023



**Oktober 2023**

Anders Løbø Navarsete

Silje Kathrine Høyland

## ABSTRAKT

Undersøkinga vart sendt ut til alle førsteårsstudentar tekne opp til haustsemesteret 2023 ved grunnutdanningar, integrert masterutdanningar, alternative vegar til ingeniørutdanningane (slik som forkurs, y-veg og liknande). Respondentane har svart på spørsmål knytt til korleis dei fekk kjennskap til HVL, kva faktorar som ligg bak valet, og korleis dei opplevde studiestarten.

Medan ein i undersøkinga i fjor såg relativt store endringar særleg på sosiale indikatorar etter slutten på pandemien, er det i år ei stabilisering av resultata med mindre endringar. Sidan fjoråret hadde jamt over hadde gode resultat, er det verdt å ta med seg at lite endring isolert sett er positivt.

HVL rekrutterer 74% av studentane sine i førsteårskullet frå Vestland og Rogaland, dette er uendra frå i fjor. Mellom campus varierer talet frå 93% ved campus Stord til 58% campus Sogndal. Nasjonal rekruttering bør helst fortsette å auke, då vi veit at det fram til 2027 vert mindre årskull som fører til sterkare konkurranse om studentane. Som vi ser også i dag, gjer dette særleg mindre campus meir sårbare.

Campusane sine ulikskapar i form av studieportefølje, geografi/urbanitet, og omdøme påverkar studentmassen og følgjeleg søkjarane sine preferansar for å velje HVL. På trass av dette, er «Fagleg interesse» den viktigaste faktoren for å velje HVL ved alle campus, og den har styrka seg frå i fjor. Det understrekar viktigeita av eit treffsikkert studietilbod.

På spørsmål om korleis respondentane oppdaga studiet, er som tidlegare kjelda «personar eg kjenner» rangerst øvst. Tillitspersonar er framleis viktigast når respondentane rådfører seg i val av studium og «foreldre» er gruppa som flest meiner er viktig, etterfølgt av «venner» og «studentar eller tidlegare studentar ved HVL». Fornøgde studentar er det sterkaste verkemiddelet for rekrutteringa til HVL. At dei gode resultata i dei sosiale indikatorane held fram i år er såleis viktig i dette biletet.

Vi ser ei relativt høg deltaking på arrangementa i studiestarten, og 8/10 som deltek på fadderveka seier dei vert svært godt eller godt kjende med medstudentar. Samstundes avdekkjer fritekstsvara at det er ein auke i talet på misfornøgde tilbakemeldingar. Her ser det ut til at det er stor variasjon mellom faddergruppene der enkelte nedprioriterer alkoholfrie arrangement. Det synest å vere potensiale for å betre legge til rette for dei som ikkje deltek på fadderveka eller ikkje er komfortable med gruppa si.

## **INNHALD**

- 1. INNLEIING**
- 2. OM RESPONDENTANE**
- 3. KVIFOR HVL**
- 4. STUDIESTART**
- 5. OPNE SVAR**
- 6. MASTER**
- 7. AVSLUTNING**
- 8. VEDLEGG**

## 1 INNLEIING

I dei tre tidlegare høgskulane har vi gjennomført ulike undersøkingar blant studiesøklarane. I 2017 vidareførte HVL marknadsundersøkinga som HSH tidlegare hadde nytta. Denne gjekk til førsteprioritetssøklarane våre, og blei gjennomført i juni. Etter innføringa av GDPR, gjennomfører vi no ei rekrutteringsundersøking blant dei som er registrert som nye studentar ved HVL per 1. september. Dette er den femte undersøkinga vi gjennomfører. Føremålet med spørjeundersøkinga er å:

- Få kunnskap om søklarane våre for å forstå målgruppene i rekrutteringsarbeidet
- Samle tilbakemeldingar om studiestarten frå studentane
- Forbetre nettsidene og informasjonsflyten

Undersøkinga er gjennomført med analyseverktøyet SurveyXact. Den er sendt til alle nye studentar (semesterregistrert per 04.09.2023) på bachelorutdanningar, integrerte masterutdanningar, fagskuleutdanning og alternative vegar til ingeniørutdanningane (slik som forkurs, y-veg og liknande). Undersøkinga var aktiv i perioden 4.9.2023-28.9.2023. Det er gjort nokre små endringar i formuleringa av enkelte spørsmål og svaralternativ frå fjorårets undersøking. For å bevare grunnlag for samanlikning over tid, er det eit ønskje om å endre minst mogleg.

Som i fjor er det også ei eiga undersøking for masterstudentar, som vert presentert i eget kapittel. I år vert det ikkje gjennomført ei kvalitativ undersøking kring rekruttering grunna redusert kapasitet på eininga.

I rapporten vert dei viktigaste og overordna resultata frå undersøkinga presentert. Vi ønskjer å utøve varsemd mot å bryte materialet for mykje ned for å unngå høg feilmargin. Meir spesifikke tal vert lagt ved i vedlegga. Skreddarsydde tal t.d. fordelt på fagområde kan også bli gjeve på førespurnad. Dei opne svara er svært nyttige til å finne styrkar og svakheiter kring informasjonsflyt og læringsmiljø, og vil bli sende til relevante einingar.

Anders Løbø Navarsete (rådgjevar, eining for opptak og rekruttering) har hatt ansvar for utforminga av rapporten. Silje Kathrine Høyland (rådgjevar, eining for studentopptak) har hatt ansvar for utsending av undersøkinga.

## 2 OM RESPONDENTANE

Undersøkinga vart sendt ut til 3857 studentar, noko som er marginalt fleire enn i fjor. Dette skuldast at det i år er opptak i maritime management og arbeidsplassbasert barnehagelærer som går annakvart år, samt fleire møtte på forkursa.

Vi fekk 833 svar, som gir ein svarprosent på 21,5%. Dette er ein auke på 3,5 prosentpoeng frå i fjor. Svarprosenten gir ein feilmargin på  $x \pm 3\%$  ved 95% konfidensnivå. Med andre ord kan vi vere 95% sikre på at dersom alle hadde svart på undersøkinga ville svara falle innanfor  $\pm 3\%$  av svara i undersøkinga. Feilmargin er ned 0,4 prosentpoeng frå i fjor.


Undersøkinga blei sendt ut til studentane si e-postadresse, publisert på Canvas, og delt i sosiale media. Prorektor for utdanning har i år oppmoda fagtilsette om å bruke tid i undervisning til å gjennomføre undersøkinga, og vi veit at særleg FHS har vore flinke her. Dette ser vi igjen på svarprosenten på FHS sine utdanningar. Dermed er også FHS sine utdanningar noko overrepresentert i undersøkinga.

	Distribuert	Svar	Svarprosent
HVL	3857	833	21,6 %
Bergen	2291	444	19 %
Førde	151	41	27 %
Haugesund	581	158	27 %
Sogndal	635	151	24 %
Stord	108	55	51 %
Nettstudium	91	5	5,5 %

Alder	HVL
18-19	20,50 %
20-21	35,40 %
22-24	20,40 %
25-30	11,90 %
31-35	5,10 %
36-40	2,70 %
Over 40	3,90 %




Alder 18-24, respondentar vs opptaksdata, Campus og HVL, prosent. N= 839 / 3415




68% av respondentane er kvinner og 31% menn, medan opptaksdata for heile utvalet fortel at 58% er kvinner og 42% menn. 76% av respondentane er i alderen 18-24, mot 70% i utvalet. Kvinner og yngre respondentar er såleis overrepresentert i undersøkinga. Mellom campus har Førde (83%) og Bergen (83%) dei yngste respondentane, etterfølgt av Sogndal (78%), Stord (67%) og Haugesund(58%). Haugesund og til dels Stord skil seg i så måte med ein relativt eldre studentmasse enn dei andre campusane, men som ein ser av modell ovanfor er skilnadane mindre i røynda.


Geografi, respondentar, Campus, prosent. N= 839



Geografi, opptakstal, campus og HVL, prosent. N=3942



Geografisk fordeler samansetjinga av nye studentar seg slik vi kjenner frå føregåande år. 26% av dei nye studentane ved HVL kjem frå «resten av landet», noko som er uendra frå i fjor. Sogndal (42%) rekrutterer flest studentar frå utanfor eigen region, etterfølgt av Førde (27%), Bergen (24%), Haugesund (16%) og Stord (7%). I fjor såg vi ein markant auke i denne gruppa, mest truleg som følgje av ei normalisering av mobilitet etter pandemien. Som ein ser av figuren under, er tala samla sett uendra frå i fjor, med nokre variasjonar mellom campus. HVL har litt fleire studentar frå «resten av landet» i dag enn før pandemien.



Campus Sogndal og gamle HISF har kultur for å rekruttere nasjonalt. Medan campusen berre har ca 20% av studenttalet til HVL, finn ein fleire studentar frå Innlandet enn resten av HVL til saman, ca halvparten av alle studentane frå Oslo og 40% av dei frå Viken.

Bakgrunnen for å undersøke rekruttering utanfor «heimregionen» er endra demografiske føresetnader. Årskulla vert mindre fram til 2025 og er ikkje attende til «normalen» før i 2027. I tillegg har talet studieplassar auka dei siste åra, noko som fører til auka konkurranse om studentane. Dermed vil det bli stadig viktigare å tiltrekke seg søkjarar frå heile landet, særleg ved campus med lågare befolkningsgrunnlag i sitt omland.

På spørsmål om kva respondentane gjorde førre skuleår, er det liten skilnad frå tidlegare år. 35% jobba 22,5% av respondentane kom rett frå vidaregåande utdanning. 20% var studentar, og av desse var 7,5% studentar ved HVL.

Førre skuleår	2023
Videregående skule	22,50 %
Folkehøgskule	6,40 %
Militær/siviltjeneste	8,70 %
Student ved anna institusjon	13,50 %
Student ved HVL	7,40 %
Reiste	1,70 %
Jobba	35,60 %
Anna	4,20 %

### 3 KVIFOR HVL

Dette kapittelet presenterer spørsmåla som er knytt til korleis respondentane fekk kjennskap til HVL, kva faktorar som har spelt inn på valet deira, og i kva grad råd frå ulike grupper har påverka val av studium og studiestad.

#### 3.1 KJENNSKAP TIL STUDIET

Spørsmål: «Korleis oppdaga du studiet du går på?»



*Her kunne ein krysse av for fleire alternativ. Ordskya er ei proporsjonal framstilling av svara*


Dei største kjeldene til å oppdage HVL er gjennom «personar eg kjenner» med 44%, etterfølgt av «samordna opptak (38%) og «HVL.no» (29%). «Personar eg kjenner» har vore stabilt høg sidan første undersøking i 2019, og stadfestar viktigheita av fornøgdde studentar.

Kjeldene «Personar eg kjenner», «Samordna opptak» har høg oppslutnad innafor alle aldersgrupper. Dei yngste (18-19) vel i større grad «Open dag», utdanningsmesse» og «Sosiale medium» som kjelde. Dei eldste aldersgruppene (36-40 og over 40) vel i større grad «HVL.no» som kjelde i tillegg til «Anna».

### 3.2 MESSER OG JOBBMOGLEGHEITER

Spørsmål: «Har du i skuleåret 2022/2023 vore på ei digital eller fysisk utdanningsmesse?»

14 % av respondentane seier dei har delteke på ei utdanningsmesse i skuleåret 2022/2023. Dette er så og seie same oppslutnad som dei to føregåande år.



40% av respondentane i aldersgruppa 18-19 seier dei har delteke på utdanningsmesse, som er over 60% av alle som seier dei har delteke samla sett i HVL.

Av dei ca 100 som spesifiserte kva messe dei gjekk på, nemner

- 40 stk karrieremessa i Grieghallen i Bergen


- 12 stk HVL si messe i Haugesund
- 10 stk Open dag ved HVL
- 6 stk Stord
- 6 stk i Stavanger
- 6 stk Sandefjord
- 6 stk Oslo/Fornebu
- Andre (2 eller mindre): Kristiansand, Lillestrøm, Knarvik, Målselv, Horten, Ålesund, Tysvær

HVL prioriterer ikkje lenger deltaking i utdanningsmesser i like stor grad som tidlegare, og då er det positivt at respondentar nemner alternative arrangement.

*«Deltok på utdanningsmesse i Oslo. Tror ikke HVL hadde messe der, men jeg var på åpen dag i februar som gjorde at jeg ville søke hit.»*

Det er auka fokus på arrangement med høg formidlingsverdi. Vidaregåande skular har ytra ønske om å få samla fleire utdanningsinstitusjonar til eit felles opplegg som ikkje er like kostbart som dei store utdanningsmessene. Difor vert det oppretta nye slike tilbod der det frå og med i haust kjem «studieorienteringsdag» for vidaregåande elevar på campus Bergen og Sogndal. Dette er eit samarbeid med utdanningsinstitusjonane i Utdanning i Bergen.

Spørsmål: «Kor viktig var jobbmoglegheiter etter studiet då du søkte om studie plass hjå oss?»




76% legg til grunn at jobbmoglegheiter er veldig viktig eller viktig når dei søker studieplass ved HVL. Dette er tilnærma som i fjor.

Mellom campus er ytterpunkta Sogndal (65% veldig viktig eller viktig) og Førde (83%). Studieportefølje på campus og til kva grad denne er profesjonsretta spelar nok inn her.

### 3.2 FAKTORAR FOR Å VELJE HVL

Spørsmål: «Ranger dei viktigaste faktorane for at du valde å bli student ved HVL».



Respondentane har rangert 8 faktorar frå mest til minst viktig. Modellen syner gjennomsnittsverdien. Teoretiske høgste verdi er 8, dersom alle hadde rangert ein gitt faktor øvst, og motsett med lågaste verdi 1.

«Fagleg interesse» er i snitt desidert høgast rangert på alle campus. Dette er også faktoren som har endra seg mest frå i fjor, med ein auke på 8%. Heile 85% har rangert «fagleg interesse» som topp 3 i sine rangeringar.


På den andre enden av skalaen er «utvexlingsmoglegheiter» og «det var her eg kom inn» lågast. Det er faktorane mellom desse (og «fagleg interesse») ein finn stort variasjon mellom

campusane. Modellen under syner same resultat som ovanfor etter rangering, men utan styrkeforhold mellom faktorane. Når ein lese begge modellane saman kan ein få eit bilete av ulikskapane mellom campusane til HVL.

Førde	Sogndal	Bergen	Stord	Haugesund
1 Fagleg interesse	Fagleg interesse	Fagleg interesse	Fagleg interesse	Fagleg interesse
2 Studiestaden	Studentmiljøet	Studiestaden	Studiestaden	Studiestaden
3 Anbefalingar	Natur- og turmoglegheiter	Studentmiljøet	Kort veg heim	Kort veg heim
4 Kort veg heim	Studiestaden	Anbefalingar	Anbefalingar	Studentmiljøet
5 Studentmiljøet	Anbefalingar	Kort veg heim	Studentmiljøet	Anbefalingar
6 Natur- og turmoglegheiter	Det var her eg kom inn	Natur- og turmoglegheiter	Natur- og turmoglegheiter	Natur- og turmoglegheiter
7 Det var her eg kom inn	Kort veg heim	Uttekslingsmoglegheiter	Det var her eg kom inn	Det var her eg kom inn
8 Uttvekslingsmoglegheiter	Uttekslingsmoglegheiter	Det var her eg kom inn	Uttekslingsmoglegheiter	Uttekslingsmoglegheiter

Fagleg interesse er ein raud tråd som «campus-uavhengig» faktor. Denne er rangert øvst på alle campus, og er også tilnærma uavhengig av alder. Ser ein på dei andre faktorane, er det større skilnad mellom campus. Ein kan hevde at det er Sogndal som skil seg mest ut frå dei andre med studentmiljøet og natur- og turmoglegheiter på andre og tredje plass. Alle campus utenom Sogndal har identisk rangering på dei to øvste og også dei tre lågast rangerte faktorane er like. Vi legg også merke til kort veg heim som den tredje høgast rangerte faktoren på campus Stord og Haugesund. Campusane sin ulike demografi, studieportefølje, omdøme, urbanitet og ikkje minste geografi fargar resultata.


Geografisk tilhørsrel som ein såg kapittel 2 er kanskje den viktigaste forklaringsfaktoren for skilnadane. Modellen under syner korleis dei «tilreisande» versus dei «lokale» studentane rangerer årsakene til å velje HVL



Begge gruppene vektlegg fagleg interesse høgst, og også like viktig. Derimot kan ein sjå at Studentmiljøet og særleg natur- og turmoglegheiter er viktigare blant respondentar frå «resten av landet». Denne gruppa vektlegg kvalitetar innan livsstil og såleis at studiestaden tilfører attraktivitet utover det faglege. Dette er også logisk då ein som tilreisande ikkje har eit nettverk frå før.

### 3.3 STUDIESTAD VS UTDANNING

Spørsmål: «Var studiestad (Førde/Bergen/Sogndal/Stord/Haugesund) eller utdanning viktigast for deg då du skulle velje?»





20% av respondentane meiner studiestad er viktigare enn utdanning, dette er ein auke på 6 prosentpoeng frå i fjor. 38% meiner dei var like viktige og 42% seier utdanning var viktigare. Dette speglar oppslutnaden til «fagleg interesse» i spørsmålet om «Faktorar for å velje HVL».

### 3.4 RÅD

Spørsmål: «Kor viktig var råd frå andre då du bestemte deg for kva du skulle studere?»



Svaralternativ «Særs viktig» og «viktig» er slått saman til «særs viktig eller viktig» for enklare lesnad. Gruppa som har svart «ikkje aktuelt for meg» ekskludert slik at dette er fordelinga med dei det berre er aktuelt for.

Ein ser at tillitspersonar har mykje å seie for val av studium. 49% av respondentane seier råd frå foreldre er svært viktig eller viktig, etterfølgt av studentar eller tidlegare studentar ved HVL (45%) og venner (38%). Resultata i rekrutteringsundersøkinga samsvarar med den nasjonale undersøkinga gjort i regi av HK-dir<sup>1</sup> der tilsvarande spørsmål vart stilt. Sidan

---

<sup>1</sup> Direktorat for Høyere Utdanning og Kompetanse, «Unge utdannings- og yrkesvalg 2023»  
<https://hkdir.no/rapporter-undersokelser-og-statistikk/unges-utdannings-og-yrkesvalg-2023>


2019 er dette biletet nærast uforandra, og vi kan framleis slå fast at studentane sin omtale av HVL er ei av våre viktigaste kjelde til påverknad.

Ser vi på graden av aktualitet, altså dei som har kryssa av for «ikkje aktuelt for meg», er den minst aktuelle kjelda **HVL-studentar på fysiske og digitale skulebesøk (44%)**, **tilsette ved HVL (42%)** og **Rådgjevar/Lærar VGS (35%)**.

I tekstfeltet kjem det også fram at mange rådfører seg med arbeidsgjevar/kollegaer kjærest/sambuar. Til slutt må ein anta at det ved vår målgruppe, som i den nasjonale undersøkinga, er studenten sjølv som er den viktigaste kjelda til inspirasjon.

### 3.5 TIDSPUNKT BESTEMTE SEG

Spørsmål: «Når bestemte du deg for kva du ville studere?»




72 prosent visste kva dei skulle søke på **før eller i løpet av søkeperioden (t.o.m 15.4.)** Dette er ein nedgang på 5 prosentpoeng frå i fjor og kan ha samanheng med at det var fleire ledige studie plassar i år.

19% har alltid visst det, 31% før søkeportalen opna og 22% i løpet av søknadsperioden. 7 % bestemte seg i omprioriteringsperioden (16.4-1.7) og 5% i perioden for ledige studieplassar (19.7-1.9). Det er ein liten auke på talet som bestemte seg i perioden for ledige studieplassar, noko som skuldast at det var langt fleire studium lagt ut grunna lågare søkjartal.

Vi kan likevel slå fast at søkjarane orienterer seg tidleg i sitt utdanningsval. I rekrutteringssamanheng er det viktig å nå studentane så tidleg som mogleg, og det er særst vanskeleg å skaffe studentar før søknadsfristen. 50% har bestemt seg før søknadsportalen opna inkludert dei som allereie har bestemt seg. Fordelt på aldersgrupper, ser ein at delen som bestemmer seg tidleg er høgare i dei eldste aldersgruppene enn i dei yngste.


### 3.6 SOSIALE MEDIUM

Spørsmål: «Kor ofte nyttar du følgande kanalar i sosiale medium?»



Den nasjonale undersøkinga <sup>2</sup> viser at søkjarar i aukande grad finn informasjon om utdanningsval på internett. Dette er kanskje ikkje overraskande, og nærmast forventa. Men medievanar er i rask endring, og varierer mykje mellom aldersgrupper. Å lære meir om dette er viktig for å nå målgruppene med relevant innhald i relevant kanal.

Ein kan tradisjonelt omtale Instagram, Snapchat og Facebook som «dei 3 store», men TikTok utfordrar dette biletet. Snapchat er mediet som vert mest nytta om ein ser på alle respondentar, med 92% som seier dei nyttar mediet dagleg eller fleire gonger om dagen. Dette er ein auke på 4 prosentpoeng frå i fjor. Facebook har motsett trend, med ein tilbakegang på 4 prosentpoeng. TikTok har ein liten auke (2 prosentpoeng) frå i fjor, men her er det naudsynt å sjå nærare på alder.




Bruk av Facebook aukar stort sett med alder, medan Snapchat og Instagram er relativt aldersuavhengige i omfang. Tik Tok skil seg tydeleg ut med høg intensitet blant dei yngste. Som neste modell syner, held mediet fram veksten også i eldre aldersgrupper. Auken til

---

<sup>2</sup> 2 Direktorat for Høyrere Utdanning og Kompetanse, «Unge utdannings- og yrkesvalg 2023 [https://www.uio.no/studier/emner/hf/iakh/HIS2351/h06/Referanseteknikk\\_HIS2351.pdf](https://www.uio.no/studier/emner/hf/iakh/HIS2351/h06/Referanseteknikk_HIS2351.pdf)» (publisert 29.8.2023)

Tik Tok støttast av dei nasjonale tala frå kvartalsrapporten frå Ipsos SoMe-tracker <sup>3</sup> og syner viktigheita av å vere synleg med målretta innhald i denne kanalen.



HVL har i år for første gong køyrt ein kampanje på Tik Tok der hovudformålet var å auke kjennskapen til HVL blant den yngste målgruppa. Denne kampanjen nådde ut til omtrent 800 000 unike brukarar, og vi bygger vidare på denne kampanjen i haust. HVL fortset å annonsere breitt gjennom Snapchat for å nå den unge målgruppa, og nyttar Facebook for å nå blant anna foreldra til førstegongssøkaren.

## 4. STUDIESTART

Dette kapittelet går gjennom spørsmåla knytt til studiestarten. I fjor såg vi ein positiv utvikling i svara på dei fleste parameter etter pandemien, medan ein i år har eit resultat som har stabilisert seg og tangerer fjoråret.

### 4.1 INFORMASJONSFLYT

Utgangspunktet for informasjonsflyt i studiestarten er utfordrande, med studentar med stort informasjonsbehov, særskilt mange studium, og ei fragmentering av systema kor

---

<sup>3</sup> IPOS.COM (2023): "Iposos SOME Tracker Q2'23" <https://www.ipsos.com/nb-no/ipsos-some-tracker-q223> (publisert 8.8.2023)

informasjonen ligg. Overordna må ein difor seie seg nøgd med at 9/10 fann informasjonen om studiestarten.

Spørsmål: *«Kor fekk du informasjon om HVL sin studiestart?»*

90% fekk informasjon om studiestart på hvl.no, 30% på e-post, 12% på Instagram, 7% på Facebook og 5% frå andre kjelder.

Spørsmål: *«Var det lett å finne informasjon om studiestart på hvl.no?»*

89% seier det var lett å finne fram til informasjonen om studiestart på hvl.no, og det er tilsvarande resultat som i fjor. Av dei som kryssa nei, kunne ein utdjupe med fritekst. Når vi ser på svara her, er det kritikk mot strukturane fleirtalet nemner: At nettsidene er rotete, uoversiktlege, at informasjonen er spreidd ulike stader/i for mange ledd, og at google er beste verktøy for å finne informasjonen ein letar etter.


*«Det var mulig å finne all den informasjonen jeg var på utkikk etter, men synes at nettsiden var litt uoversiktlig i starten. Tok litt tid før jeg kom inn i det, men dette kan ha med at det var mye informasjon og ting som skulle gjøres kjapt.»*

Spørsmål: *«Var det noko du sakna av informasjon rundt studiestart?»*

Her kom det inn ca. 120 tilbakemeldingar. Mykje av informasjonen som er sakna, finst, men har ikkje blitt funne. Under er område som går igjen.

- 19 stk saknar meir informasjon om fadderveka, der 9 av desse etterlyser tidlegare informasjon om opplegget og tildeling av grupper på førehand.
- 14 stk etterlyser meir konkret informasjon om pensum
- 9 stk saknar at informasjon om studiestart vart tilsendt eller publisert tidlegare
- 8 stk etterlyser betre informasjon om oppmøte
- 6 stk etterlyser informasjon samla på SMS eller E-post.

## 4.2 ARRANGEMENT




Modell ovanfor syner kor n gde respondentane er med arrangementa under studiestarten for heile HVL. Variablane «veldig forn gd» og «forn gd» er sl tt saman, det same er «mindre forn gd eller misforn gd».


Jamt over er respondentane godt n gde med arrangementa i studiestarten. Samanlikna med i fjor, er det meir eller mindre like resultat. S rleg forn gde er dei med **opningsdagen** (87% veldig forn gd eller forn gd), **velkomstsermonien** (75%) og **faglege aktivitetar i studiestartveka** (73%). Det er positivt at mange er n gde med faglege aktivitetar i studiestartveka, og er kanskje eit uttrykk for eit behov om alternative former for aktivitetar til fadderveka. Justert for deltaking er ogs  **god start-f redrag** betre motteke enn kva modellen gir uttrykk for. Som tidlegare er det kanskje **fadderordninga/faddervekene** som har mest forbetningspotensiale, s rleg om ein tek med dei opne svara i vurderinga.

### 4.3 SOSIALT

Spørsmål: «I kva grad har du blitt kjend med studentar på studiet ditt?»




71% av respondentane seier dei er blitt veldig godt eller godt kjende med medstudentar på studiet. Dette er tilnærma same resultat som i fjor. Vi ser relativt store endringar ved campus Stord og Førde, men her må ein vere obs på små tal som gir større varians. Medan ein i fjor hadde ein sterk auke ved alle campus, ser tala ut til å ha stabilisert seg etter pandemien.



Modell ovanfor syner samanheng mellom deltaking på fadderveke og kjennskap til medstudentar. 80% av dei som deltok på fadderveka seier dei er blitt veldig godt eller godt



kjende med medstudentar, mot 45% for dei som ikkje deltok. Ein kan altså slå fast at fadderveka oppnår sitt grunnleggande føremål, men det er behov for å nyansere dette biletet.



Modell ovanfor syner kor mange av dei som deltok på fadderveka som seier dei vart veldig godt eller godt kjent med medstudentar, samt deltaking på fadderveka fordelt på aldersgrupper. Ein skulle kanskje tru at dei yngste studentane jamt over blir betre kjende med medstudentar enn dei eldre (pga. annan livsfase etc.), og det stemmer. Men ikkje for dei som faktisk deltok på fadderveka.

Det er viktig å skilje mellom dei som frivillig ikkje deltok pga, alder, livsfase og dei som ikkje deltok på grunn av profilen til fadderveka. Å ikkje delta på fadderveka betyr heller ikkje at det ikkje er eit ønskje om å vere sosial på studiet.

### Opne svar


*Spørsmål: «kvifor deltok du ikkje på fadderveka?»*

Ca 150 respondentar utdjupa kvifor dei ikkje deltok på fadderveka.

- 41% seier dette var fordi dei går på eit studium som ikkje har tilbod
- 24% seier det har med alder/livssituasjon å gjere
- 15% seier det har med alkohol-fokuset å gjere.

- 11% jobba og kunne ikkje delta
- 4% visste ikkje om tilbodet, 3% har lang reiseveg og 2% var sjuke.


Spørsmål: «I kva grad har fadderordninga hjulpt deg til å..»



HVL scorar godt på fadderordninga si effekt på det sosiale. 80% seier fadderveka har hjulpt veldig mykje eller mykje på å «bli med i studentmiljøet», 75% for å «bli kjent med studiestaden», og 89% for å «bli kjent med medstudentar». Samanlikna med i fjor er resultatata så å seie identiske, og det er lite som skil resultatata mellom campusane.

Delen som seier «veldig mykje eller mykje» til at fadderveka har hjulpt ein å «Kome i gang fagleg» er vesentleg mindre, med 40%. Fadderveka er i kraft av sitt føremål først og fremst eit sosialt tiltak. Men dei sosiale indikatorane vil ha meir langsiktige effektar som truleg vil farge faglege indikatorar i meir positiv retning enn kva som går fram av denne modellen.

Spørsmål: «Har du opplevd drikkepress i fadderveka?»



12% av respondentane seier dei har opplevd drikkepress i fadderveka. Dette er ein oppgang på 3 prosentpoeng frå i fjor. Auken stammar i hovudsak frå campus Bergen, med ein auke frå 8 til 13 prosent. Vi ser ein liten auke i negative kommentarar om alkohol i dei opne svara ved campus Bergen, som kan henge saman med dette. Størst nedgang finn stad ved campus Haugesund med ein nedgang frå 13% til 5%. Dei andre campusane har ingen nemneverdig endring.

## 5. OPNE SVAR

Dei opne svara er nyttige for arbeidet med kvalitet i utdanning. Vi fekk også i år inn fleire hundre fritekstsvar. Overordna speglar desse at HVL stort sett har fornøgde studentar. I år kan det likevel sjå ut til at det er ein liten auke i tal negative kommentarar knytt til fadderveka. Som tidlegare er svara samanfatta i ordskyer. Desse er ikkje direkte sitat, men ei proporsjonal kategorisering av svara.

Spørsmål: «Har du forslag til korleis HVL kan leggje til rette for at du blir betre kjent med medstudentane dine?»



Som tidlegare, er det eit stort engasjement kring grupper og samansetjing av grupper. Mange meiner studiegruppene må varierast meir. Det er ønskje om at det blir teke i bruk gruppearbeid/gruppeoppgåver som del av undervisninga, i tillegg blir det ytra ønskje om å fleire sosiale arrangement i klassen eller på studiet.

Spørsmål: «Har du kommentarar til fadderveka?»



Ca 50% av tilbakemeldingane er positive, 25% av tilbakemeldingane er negative og 25% nøytrale. Før ein ser på dei negative, er det viktig å understreke at fleirtalet er godt nøgde med fadderveka. Blant dei negative tilbakemeldingane, er det største fleirtalet innan kategoriane alkohol, festorientering, drikkepress. Den raude tråden blant desse tilbakemeldingane er:

- Drikkepress og fokus på alkohol
- Nedprioritering av aktivitetar utan alkohol
- Etterlysing etter fleire alkoholfrie aktivitetar (eller at dei vert prioritert)

*«Jeg synes det var for mye fokus på alkohol. Jeg ble skuffet over dette, siden det sto at det kom til å være alkoholfrie arrangementer. Disse merket jeg ikke noe til.»*

Dette er ein vedvarande problemstilling og er noko vi ser i fleire kommentarar. Fleirtalet i gruppa vil som regel prioritere fest, og dette går utover dei som ønskjer delta på andre arrangement:

*«Fadderne mine gadd ikke å gjøre noe, så vi fant ikke på noe annet enn å drikke på kvelden hele uka. De orka verken byvandring, idrettsdag eller noe av det planlagte vi hadde sett frem til så vi fikk ikke blitt med»*

På ei anna side, er det også dei som nemner at det var problemfritt å ikkje nyte alkohol i gruppa si.

*«Veldig fornøyd med mine faddere. Opplevde det som helt greit å være edru, samt også helt greit å drikke alkohol.»*

Det er som førre år klåre skildringar om variasjon mellom faddergruppene. Fadrane forvaltar ansvaret sitt som fadder i ulikt. Grupper som ikkje brukar heile tilbodet i fadderveka og prioriterer festane, aukar sjansen for fråfall og eit dårlegare utgangspunkt for ein god start i studietida. Dermed er det ein viss grad av tilfeldigheit som kan vere med å avgjere ein student sin «sosiale skjebne». Dei som har potensielt størst utbytte av fadderveka, er ofte dei mindre utåtvende. Tiltak som kompenserer for eller modererer denne variasjonen vil komme denne gruppa til gode.

Fleire foreslår ei påmeldingsløyseing der ein kan registrere seg til fadderveka på førehand. Dette er ei løyseing fleire institusjonar praktiserer. Då vil ein kunne identifisere også dei

som ikkje har interesse for festing. Dette vil også potensielt løyse ein del praktiske utfordringar (informasjonsflyt og logistikk) som ein ser på oppstartsdagen. Fleire har etterlyst meir konkret og tidlegare informasjon om fadderveka. I tillegg kjem ein ikkje utanom spørsmålet om meir kan gjerast under oppstarten på sjølve utdanninga og/eller i regi av HVL.

Spørsmål: *«Er det noko meir du har på hjartet som du vil dele med oss i HVL?»*

Vi fekk inn ca 70 tilbakemeldingar på dette spørsmålet, der halvparten var skryt og den andre halvparten var kritikk eller konkrete ønskjer. Mange av dei som skryt, gjer dette generelt. Dei som spesifiserer skryten, nemner fasilitetar, læringsmiljø, lærarar og fadrar.

*«Jeg ønsker å takke for en fin velkomst. Jeg må også si at fadderne har vært enestående til å inkludere og jobbe på for at vi skal ha det bra. Skulle ønske at dere også kunne gitt tilbakemelding til de.»*

*«Eg elsker at HVL er så flinke til å bruka nynorsk. Det gjer at eg føler eg veldig velkommen og heime i fagmiljøet, det er som å studera på sin eigen planet. Eg synest òg den faglege kvaliteten på nettstudiet mitt er kjempehøg (då har eg i alle fall éin annan institusjon som samanlikningsgrunnlag). Eg er veldig imponert og kjem til å skryta over dette studiet, de tek vitskap og studentar på alvor.»*

*«Gjere endå meir for å styrke studentmiljøet og klassemiljøa. Trygge og fornøgde studentar vil jobbe betre i lag og verte meir fagleg interessere som resultat. Samstundes vil dårleg studentmiljø føre til dårlegare livskvalitet og psykiske lidelsar som vil vesentleg begrensa studentens yteevne.»*

## 6. MASTER

Vi held fram med å gjennomføre ei eiga undersøking for masterstudentane. Denne er sendt til alle nye masterstudentar og har liknande oppsett som grunnutdanningane, men spørsmål og svaralternativ er tilpassa målgruppa. Også i år er svarprosenten dessverre låg, og årsaka blir beskrive i kapittel 7. Som følgje av dette vil det berre bli presentert tall på HVL-nivå.


## 6. 1 OM RESPONDENTANE

Undersøkinga er sendt til alle semesterregistrerte studentar ved masterprogram som startar hausten 2022 (utanom internasjonale masterprogram), totalt 838 studentar. Vi fekk 99 svar. Dette gir ein svarprosent på 12, ein nedgang på 6 prosentpoeng frå i fjor. 74% av respondentane er kvinner og 26% menn.

Alder		Geografi	
		Vestland	61,40 %
21-24	13,60 %	Rogaland	17 %
25-30	44,30 %	Resten av landet	21,60 %
31-35	13,60 %	<b>Campus</b>	
36-40	14,80 %		
41-45	5,70 %	Førde	15 %
46-50	5,70 %	Sogndal	7 %
51-55	0 %	Bergen	66 %
56-60	2,30 %	Stord	1 %
Over 60	0 %	Haugesund	11 %


## 6.2 KJENNSKAP TIL STUDIET OG FAKTORAR

Spørsmål: «Korleis fekk du kjennskap til studiet ditt?»



«Har studert ved HVL tidlegare» og «HVL.no» med høvesvis 50% og 43% er med god margin største kjelder til kjennskap til studium på masternivå. Dette er same oppslutning som i fjor. Kjeldene skil seg frå grunnutdanningane der «personar eg kjenner» og «samordna opptak» er dei største.

Spørsmål: «Kor viktig var følgjande faktor for at du valde å bli student ved HVL?»




Det er tydeleg at masterstudentar vektar faktorane annleis enn nye studentar frå grunnutdanningar. Som ved grunnutdanningane, er fagleg interesse den viktigaste faktoren for å bli masterstudent ved HVL. Heile 95% meiner dette er svært viktig eller viktig for valet sitt. Vidare kjem «beliggenheit» (74%) og «spesialisering/profil som ikkje blir tilbydd andre stader» (68%). På den andre sida av skalaen finn vi «det var her eg kom inn», «studentmiljøet» og «anbefalingar». Det dette er i kontrast til grunnutdanningane, der studentmiljøet og anbefalingar vert rangert høgt. I dei opne svara er det fleire som nemner at dei valte studiet sitt fordi det var fleksibelt i høve deira livssituasjon.



## 6.3 RÅD


Spørsmål: «Kor viktig var råd frå andre då du bestemte deg for kor du skulle studere?»



«Familie» (42% svært viktig eller viktig) er kjelda til sterkast inspirasjon for respondentane på master. Deretter kjem «Kollega/Leiar» (32%) og «Venner» (30%). At respondentane vektar lokasjon, nærleik til heimstaden tyngst, samt at flest lyttar til familien og kollega/leiar etter råd, understrekar ein student-masse i (eller på veg inn i) ein annan livsfase.

## 6.4 INFORMASJONSFLYT, SOSIALE MEDIA OG STUDIESTART

Spørsmål: «Kor ofte nyttar du følgande kanalar i sosiale medium?»



Oppslutning i tabellen ovanfor reflekterer eldre respondentar. Facebook har vesentleg større oppslutnad enn grunnutdanningane, det same gjeld Instagram. Snapchat er ein robust kanal i høve alder og er den mest nytta kanalen også her. Tik Tok er på veg inn blant dei eldre aldersgruppene, men er ikkje nytta av meir enn 46% av respondentane. I kommunikasjonssamanheng syner dette at eldre studentar når ein enklare i «tradisjonelle» kanalar.

Kor nøgd med studiestarten samla sett?		Har du blitt kjend med studentar på studie ditt?	
Veldig fornøgd	32,60 %	Veldig godt kjent	10,10 %
Fornøgd	52,80 %	Godt kjent	55,10 %
Mindre fornøgd	7,90 %	I liten grad	30,30 %
Misfornøgd	4,50 %	Ikkje i det heile	3,40 %
Deltok ikkje	2,20 %	veit ikkje/ønskjer ikkje svare	1,10 %
SUM	100,00 %		100,00 %

65% av respondentane seier dei vert veldig godt kjent eller godt kjent med studentar på studiet. Dette er tilsvarande fjoråret. Master-respondentar vert mindre kjent enn respondentar i grunnutdanningane (71%). Auka fagleg fokus, fråvær av fadderveke, og eldre studentar kan forklare dette. Men det kan også ha med mindre tilrettelegging for sosiale aktivitetar. Dette er vertfall noko som er etterlyst av mange i dei opne svara. Fleire ønskjer eiga fadder-ordning for master, medan andre er meir opptekne av at det er fokus på sosiale aktivitetar på studiet.

85% er veldig fornøgd eller fornøgd med studiestarten, og 81% seier det var lett å finne informasjon om studiestart på hvl.no . 90% fekk informasjon om studiestarten via hvl.no og 35% på e-post. I dei opne svara er det fleire som etterlyser praktisk informasjon om studiet tidlegare.

## 7 AVSLUTNING

Undersøkinga er eit bidrag og verktøy til HVL sin ambisjon om å arbeide strategisk og kunnskapsbasert med rekruttering av studentar. I tillegg gir den oss viktige tilbakemeldingar på studiestarten og sosiale høve, samt i kva grad nettsidene og informasjonsflyten fungerer.

Årets undersøking fortel at oss at HVL held ved like dei gode resultata frå i fjor på dei viktigaste områda. Det er tydelege samanhengar mellom ein student sin gode start, trivsel, og meistring på studiet, til HVL sitt omdøme og rekruttering. Den nasjonal undersøkinga støttar at fagleg interesse og jobbmoglegheiter ser ut til å bli aukande viktig for respondentane. Kvalitet i utdanninga og fokus på studieportefølje er såleis viktigare enn nokon sinne, når vi dei neste åra møter endå tøffare konkurranse om studentane.


På området studiestart/fadderveke er det er ein tematikk frå tidlegare år som går igjen og ser ut til å vere forsterka i år. Dette går på alkohol, drikkepress og fraværet av (eller bruken av) alkoholfrie arrangement. Vi veit det finst mange studentar som er einsame og ikkje har blitt kjende med medstudentar på grunn av dette. Skal ein omorganisere fadderveka så denne gruppa vert betre fanga opp? Eller skal ein tilby fleire sosiale arrangement enten i regi av HVL eller i regi av utdanningane?

Svarprosenten på grunnutdanninga 21,5% er ein liten auke på 3,5 prosentpoeng frå i fjor, medan master har ein tilbakegang på 6 prosentpoeng til 12%. Dessverre fekk mange studentar på grunnutdanningar tilsendt lenkje for undersøkinga for master, og vi måtte som følgje utelate desse frå resultata. Dette skjedde truleg i forbindelse med kampanjen der fagtilsette skulle nytte undervisningstida til å gjennomføre undersøkinga. Viss dette hadde vore unngått, ville vi fått høgare svarprosent på begge undersøkingane. Det blir gjort tiltak for å unngå dette neste år, og det er difor grunn til å håpe på auke i svarprosent så lenge fagtilsette ønskjer å halde fram kampanjen.


## 8 VEDLEGG

"God start" foredrag	Veldig nøgd / nøgd	Mindre nøgd / misfornøgd	Deltok ikkje
Førde	68 %	10 %	22 %
Sogndal	59 %	8 %	33 %
Bergen	55 %	9 %	36 %
Stord	76 %	5 %	18 %
Haugesund	62 %	12 %	26 %
<b>Faglege aktivitetar i studiestartveka</b>			
Førde	73 %	15 %	12 %
Sogndal	78 %	13 %	9 %
Bergen	72 %	10 %	10 %
Stord	84 %	5 %	11 %
Haugesund	67 %	17 %	16 %
<b>Fadderordning/fadderveka</b>			
Førde	76 %	7 %	17 %
Sogndal	70 %	19 %	11 %
Bergen	70 %	16 %	14 %
Stord	71 %	15 %	15 %
Haugesund	54 %	18 %	28 %
<b>Velkomstsermonien</b>			
Førde	73 %	17 %	10 %
Sogndal	87 %	5 %	8 %
Bergen	70 %	17 %	13 %
Stord	93 %	4 %	4 %
Haugesund	70 %	14 %	16 %
<b>Opningsdagen</b>			
Førde	83 %	10 %	7 %
Sogndal	91 %	3 %	5 %
Bergen	88 %	7 %	5 %
Stord	95 %	4 %	2 %
Haugesund	80 %	9 %	10 %


### Geografi, respondentar, Campus, prosent. N= 839



### Møtte studentar fordelt på fylke, campus Sogndal vs HVL, prosent




Faktorar HVL 2019-2023	2023	2022	2021	2020	2019
Stuðiestaden	4,66	4,69	4,95	4,43	4,03
Fagleg interesse*	5,94	5,46	4,59	4,57	5,17
Studentmiljøet	4,17	4,03	3,94	4,32	4,39
Anbefalingar	3,51	3,46	3,71	3,92	3,73
Kort veg heim	3,05	3,21	3,44	3,93	3,25
Der var her eg kom inn	2,06	2,39	2,74	2,34	2,12
Natur og Turmoglegheiter	2,92	2,57	2,58	2,83	3,01
Utvexlingsmoglegheiter	1,71	2,18	2,04		




Prosentvis fordeling av respondentar som har rangertfaktor som topp 3, heile HVL.


Stuðiestad vs utdanning, campus og HVL, prosent. N= 849.




Messedeltaking fordelt på aldersgrupper



## Messedeltaking og fylke, aldersgruppe 18-19




## Råd, "svært viktig eller viktig" fordelt på campus, prosent






Råd, "svært viktig eller viktig" fordelt på campus, prosent




Råd fordelt frå ulike grupper, fordelt på campus, rangert

	Førde	Sogndal	Bergen	Stord	Haugesund
1	Sudentar/tidl. Studentar v/HVL	Foreldre	Foreldre	Foreldre	Foreldre
2	Venner	Sudentar/tidl. Studentar v/HVL	Anna Familie	Anna Familie	Sudentar/tidl. Studentar v/HVL
3	Foreldre	Venner	Venner	Venner	Venner
4	Anna Familie	Anna Familie	Sudentar/tidl. Studentar v/HVL	Sudentar/tidl. Studentar v/HVL	Anna Familie
5	HVL-studentar på skulebesøk/messer etc	Rådgjevar VGS	Rådgjevar VGS	Rådgjevar VGS	Rådgjevar VGS
6	Tilsette ved HVL	Tilsette ved HVL	Tilsette ved HVL	HVL-studentar på skulebesøk/messer etc	HVL-studentar på skulebesøk/messer etc
7	Rådgjevar VGS	HVL-studentar på skulebesøk/messer etc	HVL-studentar på skulebesøk/messer etc	Tilsette ved HVL	Tilsette ved HVL


Bruk av SOME, "Dagleg eller fleire gonger i veka", aldersgruppe og prosent. HVL. N =839




Bruk av SOME, utvalde kanalar, "Dagleg eller fleire gonger om dagen" aldersgruppe 18-19, 2021-2023, prosent.




Bruk av SOME, kanal og hyppigheit. Prosent.




Drikkepress på fadderarrangementa, campus og HVL, prosent



Studiestart, kor nøgde med arrangement "veldig fornøgd" og "fornøgd", campus og HVL, kun dei som deltok, prosent



Tidspunkt bestemte seg, fordelt på aldersgrupper, HVL, prosent



Fadderoerding og effekt "Veldig mykje eller mykje", campus og HVL, prosent

